

*ETNE KOMMUNE*

KONTROLLUTVALET SI  
ÅRSMELDING  
FOR 2011

---

KONTROLLUTVALET  
ETNE KOMMUNE

---

## 1. INNLEIING

---

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

Kommunelova sine føresegner om internt tilsyn og kontroll blei i 2004 endra på ei rekke punkt. Intensjonen var å styrkja kontrollutvalet som tilsyns- og kontrollorgan, og kontrollutvalet har nå oppgåver også knytte til tilsyn av fristilte selskap.

---

## 2. MEDLEMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Etter valet i 2011 blei antall medlem i utvalet auka til 5.

For perioden 2007 - 2011 har Etne kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

### Faste medlemmer

Leiar            **John Kåre Opheim**  
Nestleiar       **Torleif Bjerkheim**  
Medlem          **Tone Elisabeth Vae**

### Varamedlem:

Wenche Evensen

John Kåre Opheim er vald mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2011-2015 har Etne kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

### Faste medlemmer:

Leiar            **Ståle Tungesvik**  
Nestleiar       **Lars Ebne**  
Medlem          **Martin Gulliksen**  
Medlem          **Trude Enge**  
Medlem          **Liv Ellen Ebne**

### Varamedlem:

**Nils Ramsvik**  
**Nina Kaltwasser**  
**Kirsten H. Andreassen**

Liv Ellen Ebne er vald mellom representantane i kommunestyret.

---

### **3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2011**

---

Kontrollutvalet har i 2009 hatt 4 møte fordelt på to møte om våren og to møte om hausten. Kontrollutvalet sine møte har vore lukka, då utvalet ikkje har bestemt noko anna (§ 77 nr 8). I tillegg til medlemmer og varamedlem har ordførar og revisor møte- og talerett i kontrollutvalet. Rådmann får tilsendt innkalling til møta i kontrollutvalet til orientering. Utvalet har helde sine møte i Etne tinghus.

Utvalet har hatt 21 saker til handsaming. Under pkt 5 i årsmeldinga er det ei oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet.

---

### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

Kontrollutvalet har oppgaver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 24.05.11 kommunen sin årsrekneskap for 2010 til handsaming. I kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen blei det ikkje tatt atterhald eller presisering.

Kontrollutvalet merka seg rådmannen si åtvaring mot manglande budsjett disiplin og at han ville sette i verk tiltak for å motverka dette i framtida.

#### **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret. Etne kommune sin plan for 2008-2011 blei vedtatt av kommunestyret i møte 24.02.09.

#### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret er konstituert utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2008-2011 og retningslinjene for selskapskontroll ble vedtatt av kommunestyret i møte 24.02.09, sak 6/08.

Då dei selskapa som er prioriterte i plan for selskapskontroll alle er eigde saman med andre kommunar, vedtok utvalet å prøva å få til eit samarbeid med Vindafjord om ein selskapskontroll i Øyane Asvo AS i 2012.

#### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Etne kommune er med i ei interkommunal revisjonsordning (interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27) saman med kommunane Bokn, Sauda, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.

Etne kommunestyre vedtok i sitt møte den 27.09.11 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.2012. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN den 29.12.11. Kommunestyre vil velje ny revisor i løpet av første halvår i 2012.

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har i 2011 vore oppdragsansvarleg revisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter, og revisor har deltatt på to av kontrollutvalet sine tre møte. Kontrollutvalet har behandla uavhengighetserklæring frå revisor samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

#### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker.

#### **4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL**

Kontrollutvalet handsama hausten 2011 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2012. Totalt var framlegg til budsjett på kr 553.234.

#### **4.7 SEKRETARIAT**

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2011, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

---

### **5. OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET**

---

Under følgjer oversikt over saker som kontrollutvalet har handsama og fått seg førelagt til orientering i gjennom året.

#### **Saker til handsaming**

- 1/11 Godkjenning av protokoll 02.12.10
- 2/11 Referatsaker
- 3/11 Årsmelding for kontrollutvalet 2010
- 4/11 Revisors uavhengighetserklæring 2011
- 5/11 85 tilrådingar om eigenkontroll i kommunane- status/vidare oppfølging av rapport

- 6/11 Godkjenning av protokoll 24.02.11
- 7/11 Referatsaker
- 8/11 Årsrekneskapen 2010- kontrollutvalet sin uttale
- 9/11 Reglement for kontrollutvalet
- 10/11 Godkjenning av protokoll 24.05.11
- 11/11 Referatsaker
- 12/11 Orientering frå rådmannen om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport
- 13/11 Budsjett kontroll og tilsyn 2012
- 14/11 Selskapskontroll Haugaland interkommunale miljøverk IKS
- 15/11 Revisjonsordning
- 16/11 Evaluering av kontrollutvalsarbeidet 2007 – 2012
- 17/11 Godkjenning av protokoll 18.09.11
- 18/11 Referatsaker
- 19/11 Budsjett Etne kommune 2012
- 20/11 Revisjonsordning frå 2012 – konkurransegrunnlag (*ikkje offentleg, jf off.l. § 23*)
- 21/11 Møteplan 2012

---

## 6. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2011 har stort sett vore i samsvar med vedtekne planer og tildelte budsjettmidlar.

Etne, 27.februar 2012

Martin Gulliksen (sign)

Ståle Tunesvik (sign)  
Leiar

Lars Ebne (sign)  
Nestleiar

Trude Enge (sign)

Liv Ellen Ebne (sign)